

# KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLADE FOR ASTRHEIM SOKN

Nr. 01- 2015 Torsdag 22. januar 44. årgang

Neste nr. av KB kjem ut 26. februar 2015

Nytt stoff innan: 10. februar 2015



ASTRHEIM KYRKJE 150 ÅR



# Kyrkjekesyss

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste? Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Elbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

# Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydkontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90, faks 56 16 72 91

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no  
www.austrheim.kyrkja.no

## Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjeleverje: Tysdag – fredag kl. 10 – 14  
Utanom dette etter avtale

## Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjeleverje Bodil Monslaup	41 45 72 15
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Svanhild V.Neteland	41 62 73 90

# Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Svein T Villanger,  
Redaksjon: Eli E Daae, Øystein Soldal,  
Jorunn Kårdal,  
Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: kyrkjeba@online.no  
Adresse: 5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

## GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

### Søndag 11. januar kl. 11.00

Visjonsgudsteneste  
Per Børge Hillestad, Jostein Hauge  
Dåp  
Takkoffer til: Evangeliesenterene i Norge

### Søndag 25. januar kl. 11.00

Undervisnings- og lovsongsgudsteneste  
Per Børge Hillestad, Jostein Hauge  
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

### Søndag 1. februar kl. 11.00

Familiegudsteneste  
Per Børge Hillestad, Jostein Hauge  
Utdeling av ”Tøffe bibeltypar” til  
2. klassingane og Bibel til 5. klassingane  
Takkoffer til Bibelselskapet

### Søndag 8. februar kl. 19.30

Syng deg glad kveld (sjå eiga kunngjering)  
Kollekt til dekking av utgiftene

### Fredag 13. februar kl. 18.00

Gudsteneste for alle  
Per Børge Hillestad og Jostein Hauge  
Kyrkjekaffi under galleriet

### Søndag 15. februar kl. 11.00

Undervisnings- og lovsongsgudsteneste  
Per Børge Hillestad, Jostein Hauge

### Søndag 1. mars kl. 11.00

Misjonsgudsteneste  
Frode Brügger Sætre, Jostein Hauge  
Takkoffer til: Misjonsprosjetet i Mali

### Søndag 15. mars kl. 19.00

Undervisnings- og lovsongsgudsteneste  
Per Børge Hillestad, Jostein Hauge

### Palmesøndag 29. mars kl. 19.30

Påska i ord og tonar

## **Andakt**

Austrheim kyrkjelyd skal vere ein god plass for alle menneske på Austrheim. Ein møteplass der vi alle vert tekne imot og sett og der alle er like verdifulle. Ein plass der vi kan stoppe opp og ikkje berre haste vidare.

Som kyrkje har Gud kalla oss til å fylgje han. Då Jesus gjekk på jorda, var kontakten oppover med Gud viktig for han. Han brukte og tid saman med sine næreste; det vi kan kalle innover. Og han la stor vekt på å vise andre kven han er – å arbeide utover.

Austrheim kyrkjelyd vil ha Jesus som førebilete og gjere det han lærte oss. I alt vårt arbeid ynskjer vi å ha blikket retta oppover, innover og utover. Saman skal vi oppmuntre kvarandre og setje mot i kvarandre til å finne vår oppgåve og våre arbeidsfelt.

Oppmuntring betyr mykje for oss, og det byggjer opp. Det same skjer når vi set pris på kvarandre. Nokre gode ord i staden for å tie kan bety så uendeleg mykje for eit anna menneske. Å kjenne seg verdifull er eitt av dei beste grunnlag for å vekse, og det skaper dessutan god kontakt mellom ulike menneske.

Å gå ut har alltid vore kyrkja sitt kall og oppdrag. Også på Austrheim ynskjer vi å gå ut, anten det er å krysse grenser til andre land, eller det er å vere med og løfte saman med andre i bygda vår. Det handlar om å rette ut ei open hand for å dele og for å bidra med det eg har fått.

Kyrkja på Austrheim skal vere midt i bygda og på mange måtar spegle livet i bygda. Her er rom for alle. Ansvar skal prege arbeidet, både eit ansvar for kyrkja sitt oppdrag og eit ansvar for livet i bygda der samhald og respekt skal vere byggjesteinar.





## Kyrkjebøkene i Austrheim

### Døde:

29.10.14	Ingeborg Johanna Fonnes	f. 1920 (Retting, var feil fødselsår)
05.12.14	Roy Ove Konglevoll	f. 1978
28.12.14	Arnulf Kidøy	f. 1950
27.12.14	Fritz Hedstrøm	f. 1925
01.01.15	Askjell Vestrheim	f. 1934
04.01.15	Berit Brügger Tresnes	f. 1941

### Døypte:

11.01.15	Benjamin Drange
----------	-----------------



### Utgjevingsplan Kyrkjebakken første halvår 2015

	Leveringsfrist	KB kjem ut
Nr. 2/15	10. febr.	26. febr.
Nr. 3/15	10. mars	26. mars (påskennr.)
Nr. 4/15	21. april	7. mai (17. mai stoff)
Nr. 5/15	2. juni	18. juni (siste før ferien)
Nr. 6/15	11. aug.	27. aug (første nr. hausten 15)

# Takk

## Vår varmaste takk

for blomar og helsingar ved vår kjære  
Ragnhild Leirvåg sin bortgang og  
begravelse den 02.12.14.

Takk til alle som var med å gjorde dagen  
til ei fin minnestund.

Ei spesiell takk til Nordliheimen for god  
pleie og omsorg.

Helsing  
Ingvard  
Reidun, Gunn og Torill med familiar

## Hjarteleg takk

for pengegåva som vart gitt til  
Nordliheimen/Nordlia i samband med  
gravferda til Ingvald Monslaup

Takksame helsingar frå

Personale og bebruarane ved  
Nordliheimen

## Takk

til Lindåsneset Sanitetsslag for  
julehelsing.

Helsing Else Utkilen

## Stor takk

til alle som hjalp til med å få  
Jubileumskalenderane ut før jul

Er det nokon som ikkje har fått så kan de  
ta kontakt med Kyrkjelydkontoret på  
tlf. 56 16 72 90 så skal vi formidle den ut.

Kalanderen var ei gåve, men med høve til å  
gje nokre kroner for den,  
stor takk til dei som har betalt inn  
«kalendergåve».

Vi har kalendrar til sal til dei som ikkje  
bur i kommunen, pris kr. 150,- , ta kontakt.

## FRYS DU ?

Ei fargerik lue er attgløymd i kyrkja.  
Kan hentast på Kyrkjelydkontoret,  
tlf. 56 16 72 90



## BLADPENGAR

Husk å betale bladpengar for Kyrkjbakken.  
3490.07.04196

## Søndagsskole Årås

Datoene for våren:

08. februar

08. mars

12. april

10. mai



Sted: Årås Bedehus. Tid: kl 11.00.

Søndagskolelærer; Hanne Daae  
medhjelper Ramona Monslaup.

Vel Møtt.



## AUSTRHEIM IDRETSLAG

har årsmøte

tysdag 17.februar 2015 kl.1900  
på Kaland skule.

Framlegg til saker på årsmøte må sendast styret,  
på epost austrheimil@gmail.com  
eller i brev til AIL, postboks 22,  
5943 Austrheim,  
innan fredag 30.januar.

Styret



## Årås Bedehus

- |                  |   |
|------------------|---|
| Søndag 01. feb.  | Formiddagsmøte 11:00, tale ved Ole-Jørgen Storsæter |
| Tirsdag 03. feb  | Bønnekveld på loftet kl.19:00                       |
| Søndag 15. feb.  | Formiddagsmøte 11:00, tale ved Ole Corneliussen     |
| Tirsdag 17. feb  | Bibeltime på loftet v/ Helge Keilegavlen, kl 19:00  |
| Søndag 01. mars. | Formiddagsmøte 11:00, tale ved Karen Sofie Aasmyr   |

Meir info finn du på: [www.astrheimindremisjon.no](http://www.astrheimindremisjon.no)

Alle er velkomne til samlingane.

## **MINI-VING OG VING**

begynner igjen på

**ÅRÅS BEDEHUS TORSDAG 22. JANUAR kl. 17.00-18.00**

Mini-Ving og Ving er for alle barn frå 4 år  
( yngre i følgje med ein vaksen ) t.o.m. 4. klasse.

Kva gjer me?

- Høyrer forteljingar frå Bibelen
- Syng ilag
- Lagar forskjellig/leikar
- Kosar oss av og til med mat

Berre kjekt om det er vaksne som vil vera med,  
dei skal få ein kopp kaffi og varma seg på!

**VELKOMNE!!**

## **Kjellaren.**

Me held til i Kjellaren på Årås bedehus, og møtes  
ca.annankvar onsdag kl.18.00-20.00.

Datoar for Kjellaren denne våren er fylgjande:  
21. jan., 4. og 18. februar, 4. og 18. mars, 15. og 29. april.

Aldersgrense er frå 5. klasse og oppover.  
10 kroner pr.gang.

Velkomne!!

**Fotpleie**

16. februar

16. mars

13. april

11. mai

8. juni

29. juni

**Kontakt Asbjørg Lohne  
918 07 436**



# OPNING UNGDOMMENS HUS AUSTRHEIM

## FAMILIEFEST 31.01.2015



FØREHANDSAL:  
BILLETT KR 200,-  
FAMILIE KR 600,-

Kommunehuset, Mastrevik bok og papir,  
Free Sport Fonnes senter, Radøy ungdomsklubb  
Anita: 474 80 209 og Heidi: 976 32 704

OPE FOR ALLE  
18.00-20.00  
Offisiell opning ved  
ordførar Per Lerøy,  
lokale innslag,  
ope hus og kake.

OPE FOR ALLE  
20.00-23.00  
Konsert i  
**AUSTRHEIMHALLEN**  
The Main Level  
**GUNSLINGERS**  
SAL AV BILLETT I DØRA  
Billett kr 250,-  
Familie kr 700,-  
(2 vaksne og inntil 3 barn  
under 18 år)

OPE FOR UNGDOM  
23.00  
Diskotek

ARRANGEMENTA er  
**RUSFRIE**

  
Austrheim  
- opne landskap, ope sinn



## AUSTRHEIM KYRKJE 150 ÅR

Den kyrkja vi kjenner vert 150 år dette året, men det har stått kyrkjer på Austrheim så langt tilbake som til 1329, og kanskje før det og meiner historikarane...

Dei gamle kyrkjestadane låg gjerne på ein stad som var godt synleg frå mange stader i bygda. Kyrkjetårnet på Austrheim kunne ein før i tida sjå frå Littlelindås og til yst i Fedjefjorden.

Kyrkja frå 1329 var nok ei stavkyrkje etter dei historiske opplysningane.

Først i 1686, over 300 år seinare høyrer vi igjen om Austrheimkyrkja. Men dette er ei anna kyrkja. 18 alner lang (ca. 11,5 m).

I 1710 slo lynet ned i kyrkjetårnet og taket vart delvis øydelagd, men det vart reparert. Denne kyrkja vart forfallen eller brann opp.

I alle høve meiner historikarane at mellom 1722- 1829 måtte det ha vorte bygd ei ny kyrkja, denne kyrkja stod like til den vi kjenner i dag vart vigsla. Deretter vart den riven. Den nye kyrkja vart bygd 25-30 meter bortanfor den gamle, som låg der det no er gravplass.

Sundag 26. mars 1865 helt prost Hveding siste gudsteneste i gamlekyrkja, og sundagen etter den 2. april vart den nye kyrkja innvigd av biskop Birkeland.



Den nye kyrkja, den vi no feirar kosta kr. 30.000 då den vart bygd. Kyrkja hadde den gongen 480 sitjeplassar, no er det lov å ha 355 personar i kyrkja. Noko av reduksjonen av personalt skuldast at galleriet som gjekk langt fram i kyrkja på sidene vart fjerna i 1937 og noko har med brannsikkerhet og rømingsvegar i nyare tid å gjere.

Det er ein del inventar frå dei gamle kyrkjene som framleis er i kyrkja, t.d. døypefonten og den gamle altertavla. Det er også teke vare på ein del anna utstyr.

Det vart kjøpt ny kyrkjeklokke i 1865, den er støypt på Laksevåg verk i 1864, det står inskripsjon på den: GUD ÆREN ALENE.

I nyare tid er det kobla opp automatisk ringeanlegg.



Då kyrkja var ny kom det ny altartavle og ny døypefont. Den altartavla som var ny i 1865 er den som no står på altaret. I nokre år var det den gamle frå ei gamal kyrkje som var framme medan den store var på langveggen. No er det omvendt.

Den døypefonten vi no brukar er frå 1100 talet, eigar er Bergen museum, men vi får bruke den. Døypefonten kom attende til Austrheim til 125 års jubileet.

Kyrkja hadde tre vedfyringsomnar, men då straumen kom i 1952 var kyrkja ein av dei første som fekk elektrisk varme og lys.

Kyrkja er restaurert to gonger, først i 1936, og siste gong ferdig i 1990. Men vindauge vart skrifta ut i 2009, då kom det inn blyvindauge i heile kyrkja.

Det siste som har kome på plass i kyrkja er digitalt utstyr.

Ynskje for framtida er eit tilbygg med toalett og dåpssakristi.

Då må kyrkjegardsmuren flyttast.

Det vert eit dyrt prosjekt så det ligg nok litt fram i tid.

Kyrkjegardsmuren.

Då nyekyrkja vart bygd i 1865 vart kvar gard som sokna til kyrkja pålagd å skaffa Stein til steingarden rundt kyrkja. Det var nok eit slit og strev, mykje av steinen vart førd i båtar, kjerrer og på hest, men folk såg på kyrkja som noko heilagt og gjorde det med glede.

Muren er utvida ettersom gravplassen er utvida, siste gong i 1996.



Det er no gode parkeringstilhøve ved kyrkja. Kun på dei dagane det er veldig mykje folk er det framleis for lite. Dette kom på plass i 2011 i samband med omlegging av riksvegen.



## **Austrheim kyrkje hundre og femti år.**

Då eg for seksti år sidan svara ja til ei jente frå Austrheim i kyrkja mi på Nesttun i Fana, vart og Austrheimkyrkja ein viktig del i livet mitt, eg fekk ei ny kyrkje som eg kunne kalla for mi. Då eg året før miste mor mi, fekk eg og ei ny kjærleg mor i svigermor, ho Ragnhild – like god og kjærleg som den mora eg nett hadde mist. Eg fekk ein svigerfar og ein «syskenflokk» som til alle tider har vore positive og venlege overfor meg. At eg for nokre år sidan vart fastbuande her ute hadde eg ikkje rekna med, men er no glad for at det vart soleis.

Då eg for fyrste gong for mange år sidan møtte opp i «Den Norske Turistkirke» i Benidorm i Spania vart eg motteken med opne armar av møtelyden, som om eg var ein gamal ven som dei sette stor pris på. Eg vart so oppglødd over denne mottakinga at eg skreiv eit lite dikt, eit dikt som høver godt når eg skal skildre møta mine med Austrheim og folket her ute.

### **Den Norske Turistkirke – Benidorm**

Når folk frå Norge kommer hit, kan kirken  
møte dem –  
et lite rom er vigd til Gud der du kan  
møte frem.

Med sang og andakt i Guds ånd, vil kirken  
knytte vennskapsbånd –  
så kom du med og vær med oss til fest ved  
Jesu kors.

Her vil du møte mennesker som ønsker deg  
vel møtt.

Og sammen dele livet ditt med ham som da  
ble født som frelsar

For vår arme jord som møter deg  
med jubelkor.

Og gå til ham med takk og bønn til  
Mor Marias sønn.

Om du er kristen eller ei, så er det plass til  
deg.

Det står deg fritt å komme inn når ønsket  
melder seg.

Og om du trenger ro i sinn og ønsker friske  
troen din,

Så er det alltid hjerterom – hos oss i  
Benidorm.

### **Austrheim kyrkje hundre og femti år.**

Du står på den staden du alltid har stått  
Og mange er dei år som er gått  
I glede og sorg frå vogge til grav  
Har slekt etter slekt fått del i din arv.

Meisterens hus med mannskap om bord  
Har staka opp leia med salmar og ord.  
Hjelp har du gjeve til store og små  
Trøysta, tatt handa når noko står på.

Dei som kom bort og ikkje kom heim  
Sikkert så var du i tankar hjå dei.  
Austrheim og havet er grannar mot vest  
Vil ulukker koma som ubuden gjest.

Men no skal det feirast for no har du  
dag

Og gled oss med deg i lysteleg lag.  
Om tidene skiftar og endringar gjort

Alf Borge



**Knuter Catering & Service**  
[www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)  
**Tel: 90 121 624**

Våren 2015 inviteres du til noen spennende temakvelder på Austrheim.

Første samling blir 19. Januar kl. 19.00 på Lervåg bedehus, og temaet er **“Med Jesus som forbilde.”**

Det blir godt fellesskap, undervisning ved Per Børge Hillestad, samtale og kveldsmat.

Velkommen til noen spennende kvelder!

Arr: Austrheim sokneråd.





# LERVÅG BEDEHUS

Søndag 25.01. kl 19:00 Møte: Linda Nærøy

Søndag 08.02. kl 19:00 Møte: Geir Talberg

## UNGDOMSKVELDER

**Fre. 23.jan. kl 19:30 - 22:30**

**Fre. 06.febr. kl 19.30 - 22:30**

---

## FELLESMØTER m/Steinar Harila

Tirs. 17.02. kl 19:00 Lervåg bedehus

Ons. 18.02. kl 19:00 Lervåg bedehus

Tors. 19.02. kl 19:00 Vollom bedehus

Fre. 20.02. kl 18:00 **BASAR** Lervåg bedehus

Lør. 21.02. kl 19:00 Lervåg bedehus

Søn. 22.02. kl 19:00 Lervåg bedehus



Arr: Hundvin-, Natås-, Vollom- og Lindås Indremisjon, Ebeneser Fammestad, Misjonskyrkja Lindås og Lervåg bedehus

# JUBILEUMSBASÅR

LAURDAG 31. JANUAR

PÅ SAMFUNNSHUSET KL. 15.30

OPNING AV 150 ÅRS JUBILEUM

FOR AUSTRHEIM KYRKJE

INNTEKTENE FRÅ BASAREN SKAL GÅ TIL NY LØPAR I KYRKJA

ORD FOR DAGEN: VED PER BØRGE HILLESTAD

SONG OG MUSIKK VED JOSTEIN HAUGE

AUSTRHEIM SONGLAG DELTEK MED SONG

ÅRESAL - TREKNING AV LODDBØKER

MAT - KAFFI - SAFT

VEL MØTT

ARR. KYRKJEPRYDNAD - KJERRINGROKKEN - SOKNERÅDET





## MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SÅMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

## DITT LOKALE BOSCH-VERKSTED



### Vårt verksted utfører:

- EU-kontroll opp til 7,5 tonn
- Registrering
- Reparasjoner
  - Servicer intervall
  - A/C/klimaservice
  - El. feilsøking på motorstyring /div. komfortsystemer
  - Glassklinte og rep.
  - NB! Vi gir rep. tilbud
  - Alt innen dekk

### Topp moderne vaskehall

- Høytrykkspyler før hovedvask
- Poleringsprogram
- Bevegende underspylingsprogram
- Gjennomkjøring
- Vask m/polerung = 9 min
- Hver 6. vask gratis



### Bensinstasjon med stort utvalg!



Velkommen til en hyggelig handell  
[www.boschcarservice.no](http://www.boschcarservice.no)  
E-post: fosbil@online.no



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik

## Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!

Når kvalitet og service teller



## Mini Frisørsalong



ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.

Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling: Mandag, Tirsdag,  
Torsdag og Fredag.

Onsdag er stengt

Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset*



*Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.*

*Telefon vakt 56 16 98 35*



## Panasonic varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)

## RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirenseanlegg

Kontakt:  
August Norge AS  
Avd. Vestlandet  
Tlf: 949 70 680  
Mail: [svein@augustnorge.no](mailto:svein@augustnorge.no)



Ta kontakt for en uforpliktende befaring!  
[www.augustnorge.no](http://www.augustnorge.no)

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## Biblioteket - opningstid

### Hovudbiblioteket:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

### Fonnes filial:

Torsdag kl. 14.00 -19.00

Tlf.nr. 56 16 83 11

E-post:

[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)

God bok!

## SYMJEHALL

### Offentleg bading i bassenget på Kaland

#### Måndag

17-19 Familie/born

(foreldre med små  
born vert prioritert)

19-20 Pensjonistar

20-21 Vaksne

#### Fredag

17-18 Alle

18-19 Alle

19-20 Alle

20-21 Alle

Vaksne kr.30,- Born under 16 år kr.15,-

Bassenget sine opningstider føl skuleruta

## Annonse i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside kr. 1.000,-

3/4 – 2/3 side kr. 750,-

1/2 side kr. 500,-

1/3 side kr. 350,-

1/4 side kr. 250,-

Små annonser kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.

## Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

**Legevakt: 56 35 10 03**

### Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**kl.08.30 - 15.00.** Me svarar på

telefonen **08.30 - 12.00** og

**13.00 - 15.00.**

Utanom desse tidene

kun øyeblikkeleg hjelp.

Ingen reseptbestilling måndagar.

### Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

**kl 08.30- 15.00**

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:**

56 16 20 49

**Vestlia:**

56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23

(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vår ekspertise bedrer din livskvalitet!

# Blåresept - vi har kompetansen!

## Har du pose på magen?

Vi fører alt utstyr til deg som er stomioperert,  
og som er godkjent på blå resept.

## Kontakt oss

### BANDAbutikken AS

Lindås Senter  
5955 LINDÅS

Tlf: 56 36 95 11

E-post: post@bandabutikken.no  
Nettbutikk: www.bandabutikken.no



## Våre kjennetegn

- Vi har alltid tid til deg.
- Vi er spesialister på vårt fagområde.
- Vi er faglig oppdaterte og vet hva som finnes av hjelpemidler til enhver tid.
- Vi foretar hjemmebesøk etter avtale.
- Vi bringer varene hjem til deg gratis, hvis du ønsker det.
- Hos oss får du produkter som passer deg best!



Følg oss på [facebook/bandabutikken](#)

## SUN MASSASJE

THAI OG AROMA MASSASJE

JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25

400 KR. PR.TIME

TIMEBESTILLING TLF.47957233

NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL

## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,rensing  
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



## *Giving Hope To A Child (GHTAC)*

**Ebola-krisa** gjer at GHTAC no har innsamling til kampen mot ebola. Du kan støtte vår innsamlingsaksjon ved å sende pengar til **kto 3632 59 18823**. Aksjonen er godkjend av innsamlingskontrollen, Alle innsamla midlar vert kvar månad send til Metodistkyrkja i Monrovia som støtte til deira arbeid mot spreilinga av ebola-viruset. Fadderpengar og grasrotmidlar går som før til bygging av barneheim.

For meir informasjon sjå heimesida vår:

[www.givinghope.no](http://www.givinghope.no)

Rolf Maurseth

Styreleiar

Monika Thorpe      Stine B. Karlsen      Arne Lerøy  
Styremedlem      Styremedlem      Styremedlem


Ole Moen  
Forretningsførar

Kjell-Tore Karlsen  
Innsamlingsansv.

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim



**“Syng deg glad”  
-kveld**



**Knarvik  
gospelkor  
Austrheim kyrkje  
søndag  
08. febr kl.19:30**

Det vert servert kaffi, te og noko å bita i.

Kollekt.

Alle er hjarteleg velkomne.